

Avtalevilkår Solstrøm

GENERELLE AVTALEVILKÅR

Ein plusskunde er ein forbrukskunde som i enkelttimar har overskotskraft som kan matast inn i nettet. Definisjon på plusskundar følgjer til ei kvar tid gjeldande reglementet frå NVE. Overskot av elektrisitet frå solcelleanlegg skal overhalda nettselskapas krav til spenningskvalitet og effektlyt.

Private plusskundar som inngår avtale om Strøyma Solstrøm pliktar seg til å ha straumavtalen Strøyma TimeSpot for sitt straumforbruk. Elles gjeld Strøyma sine generelle avtalevilkår for private kundar.

Plusskundar registrert som næringskunde pliktar seg til å ha avtalen Strøyma TimeSpot Bedrift eller Strøyma Aktiv Bedrift for sitt straumforbruk.

Når ein sel strøm til Strøyma får ein til ei kvar tid områdeprisen time for time i kundens leveringsområde frå straumbørsen NordPool. Produksjonen vert avrekna i lag med forbruksavrekninga. Med eigen solkonto kan ein spara opp overskuddstrøm og sjølv styra når ein ønskjer å få det utbetalt, elles vil det bli trekt frå på fakturaen pr. mnd.

OPPSEIING AV STRØYMA SOLSTRØM

Avtalen Strøyma Solstrøm gjeld inntil den blir sagt opp har ei oppseiingstid på 14 dagar.

ENDRING I VILKÅR

Ved endring i vilkår vil endringane bli varsla på sms og/eller epost til kunde 30 dagar før endringa trer i kraft.

Sist oppdater: 21.11.22